

# Tema: «Meg sjølv ilag med andre»

Ytre Hafstad barnehage

<b>Periode:</b>	<b>Oktober - November</b>
<b>Utgangspunkt i rammeplanen:</b>	<p><b>Kap 1 Verdigrunnlag. Mangfald og gjensidig respekt.</b> Barnehagen skal fremje menneskeverdet ved å synleggjere, verdsetje og fremje mangfald og gjensidig respekt. Barna skal få oppleve at det finst mange måtar å tenkje, handle og leve på. Samtidig skal barnehagen gi felles erfaringar og synleggjere verdien av fellesskap.</p> <p><b>Kap 3 Føremål og innhald. Omsorg.</b> Barnehagen skal gi barna høve til å utvikle tillit til seg sjølve og andre. I barnehagen skal alle barn oppleve at dei blir sett, forstått og respekterte.</p> <p><b>Kap 3 Føremål og innhald. Danning.</b> Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå felles verdiar og normer som er viktige for fellesskapet.</p> <p><b>Kap 9 Fagområda. Kropp, rørsle, mat og helse.</b> Barnehagen skal bidra til at barna blir kjende med kroppen sin og blir bevisste på sine egne og andre sine grenser.</p>
<b>Hovudmål:</b>	<b>Vi skal fremje positiv sjølvkjensle, forståing og respekt for andre, og arbeide for fellesskap mellom alle barna på avdelinga</b>
<b>Delmål:</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Arbeide for at alle barna skal føle stoltheit over seg sjølv</li><li>• Skape forståing for felles reglar på avdelinga, og motivere til å fylgje desse</li><li>• Skape fellesskapskultur og eit «felles vi» på avdelinga og i barnehagen</li><li>• Auke barnet sin kunnskap om sin eigen kropp, bli bevisst egne og andre sine grenser og lære betre å forstå egne og andre sine kjensler</li></ul>
<b>Aktuelle aktivitetar:</b>  Avdelingane vel aktivitetar med utgangspunkt i barna sin alder, modning, interesser og behov i gruppa. Meir informasjon kjem i avdelingane sine månadsplanar og i informasjonsbrev.	<ul style="list-style-type: none"><li>• Samlingar der barna får formidle noko om seg sjølv til dei andre i gruppa, t.d. interesser, favorittfarge mm</li><li>• Arbeide vidare med familiehusa; alle få fortelje om og vise fram sin eigen familie</li><li>• Samtaler om kvar vi og familien er i frå, kvar vi har venner og familie t.d. mamma er frå Breim, pappa er frå Tyskland. Alle saman bur i Norge og i Førde. Sjå på kart, flagg og globus.</li><li>• Gå på tur og sjå husa til barna, og/el andre stadar som er viktige for barna t.d. leikeplassen, arbeidsplassen til mor/far</li><li>• Arbeide med reglane på avdelinga, og skape forståing hos barna for at reglar er viktige å fylgje for at alle skal ha det bra. Reglar blir fulgt opp med positiv påminning, gode beskjedar, ros og oppmuntring av alle tilsette</li><li>• Fellesaktivitetar med glede og humor, dele gode opplevingar ilag, samhald</li><li>• Samarbeidsaktivitetar der ein skapar noko saman</li><li>• Bøker, samtaler og rollespel om samhald og vennskap</li><li>• Snakke og lese om kjensler, «Følelsesboka», følelsesbarometer, Plim og Plum, «Lars er Lars»</li><li>• Songar om kroppen t.d.; «Tommelfinger», «Du har to øyne», «Hovud skulder kne og tå», «Barn av regnbuen», «Morgendagens søsken», «Skal vi vere venner»</li><li>• Lese bøker og samtaler om kroppen, og også samtale om egne og andre sine grenser i høve kroppen vår</li><li>• Formingsaktivitetar som t.d., handtrykk, fottrykk, teikne barna i heilfigur, fingermaling</li><li>• Markere FN dagen 24. oktober med fokus på barn sine rettar</li></ul>

